

**FORSLAG TIL REGULERINGSFØRESEGNER FOR HYTFELT PÅ  
EIGEDOMEN GLOSSLIHEIA, GNR 137, BNR 3, I TOKKE KOMMUNE.**

**§1**

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det område som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

**§2**

Området er regulert til følgjande formål:

BYGGEOMRÅDE:	Hytter
LANDERUKSOMRÅDE:	Skogbruk
TRAFIKKOMRÅDE:	Køyreveg / Parkeringsplass

**§3**

**BYGGEOMRÅDE.**

Hytter skal plasserast som vist på illustrasjonsplan, teikning nr 8814-2, (Rev. 4.3-97) i samsvar med pel satt ut i terrenget.

Mindre justeringar av hytteplasseringa kan gjerast av bygningsrådet.

På kvar tomt skal oppførast berre eit bygg i ein etasje. Hytta skal mest mogleg underleggja seg naturpreget i området. Det skal brukast kledning, fargar og takvinkel på ein slik måte at hytta ikkje skiljer seg ut frå dei andre i området.

Hytta skal ikkje nyttast som heilårsbustad.

**§4**

Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogleg grad.

**§5**

Parkeringsplassar med innkøyring skal opparbeidast som det går fram av planen. Nye hytter skal ikkje byggast før denne opparbeidinga er gjort. Det er berekna 2 bilplassar pr. hytte både for vinter og sommarparkering.

I tillegg til registrerte bilvegar kan hytteeigar opparbeide veg fram til sin hytte. Vegen må tilpassast slik at det ikkje skjemmer terrenget i hytteområdet. Før slik veg kan påbegynnast må hytteeigar innhente godkjenning av vegplan frå grunneigar.

§6

Renovasjon for hytteområdet sorterer under Tokke kommune gjeldene føresegner.

§7

Det skal ikke setjast opp flaggstenger og gjerde i området.

§8

Det er ikke tillatt med innlagt vann. Vassforsyning skal skje fra godkjent vasskjeldelvasspost som vist på plankartet. Det er ikke tillatt med vassløsing for den enkelte hytte.

Det legges fram teknisk plan som syner endelig løysing for vassforsyning. Saman med denne planen må det leggast fram prøver som viser vasskvaliteten på aktuelle vasskjelder.

§9

Som avtrede skal brukast do av godkjend type, byggt på formoldingsprinsippet.

§10

Spillvatn tømes i infiltreringsgrøfter.

§ 11

**LANDBRUKSOMRÅDE.**

Området skal nyttast til skogbruk. Det vil i denne høgda helst begrensa seg til evt. vedhogst.

Bygningar knytt til slik drift kan oppførast i området etter godkjenning i bygningsrådet.

Landbruksområdet kan brukast til vanlege friluftsaktivitetar.

§ 12

Parkeringsplassar og avkjøryslepunkter og er vist på illustrasjonsplanen. Det må takast kontakt med Åmot vegstasjon for fastlegging av avkjøryslepunkt og utforming av avkjørsla før arbeidet vert sett i gang.

§ 13

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er godkjend, kan det ikke oppretta privatrettslege avtaler som er i strid med planen og føresegnene.

§ 14

Illustrasjonsplanen, teikn. nr. 8814-2, (Rev. 4.3.97) ligg ved reguleringsplanen som bilag og godkjennast saman med denne.